



DET KONGELEGE
BARNE- OG FAMILIEDEPARTEMENT

Ot.prp. nr. 12

(2002–2003)

Om lov om endringar i lov 8. mars 2002 nr. 4 om barnetrygd

*Tilråding frå Barne- og familiedepartementet av 25. oktober 2002,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Innleiing

Barne- og familiedepartementet gjer framlegg om ei endring i lov 8. mars 2002 nr. 4 om barnetrygd. Endringa gjeld overgangsregelen i § 26 nr. 3, som omhandlar barnetrygdmidlar som er oppsparte etter reglane i forskrift 13. september 1977 nr. 1 om kven som skal ha retten til barnetrygd for barn som ikkje blir oppfostra hos foreldra sine eller hos adoptivforeldre.

2 Bakgrunn. Gjeldande rett

Retten til barnetrygd blir i dag regulert av lov 24. oktober 1946 nr. 2 om barnetrygd med tilhøyrande forskrifter. Ny lov 8. mars 2002 nr. 4 om barnetrygd tek til å gjelde 1. januar 2003 (jf. Innst. O. nr. 24 (2001–2002), jf. Ot.prp. nr. 11 (2001–2002), jf. Ot.prp. nr. 57 (2000–2001)).

På enkelte punkt inneber den nye barnetrygdlova materielle endringar. Mellom anna gjeld det rett til og disponering av barnetrygd for barn i fosterheimar og institusjonar.

Gjeldande reglar går fram av forskrift 13. september 1977 nr. 1 om kven som skal ha retten til barnetrygd for barn som ikkje blir oppfostra hos foreldra sine eller hos adoptivforeldre. Barnetrygd

for barn som er i fosterheim eller institusjon i minst seks månader, skal utbetalast til fosterforeldra eller institusjonen.

Barnetrygda skal forvaltast av fosterforeldra eller styraren ved institusjonen slik at ho kjem barnet til gode. Trygda skal nyttast til ekstraordinære utlegg og til oppsparing på eigen konto. Dei oppsparte barnetrygdmidlane er meinte å kome barnet til nytte seinare, til dømes i samband med utdanning.

Dersom barnet blir tilbakeført til dei biologiske foreldra sine før det fyller 18 år, skal oppspart barnetrygd overførast til foreldra dersom ein kan rekne med at midlane blir forvalta på ein forsvarleg måte.

Når den nye lova tek til å gjelde, fell særreglane for disponering av barnetrygd for barn under omsorg av barneverntenesta bort. Barnetrygda skal også for desse barna vere eit tilskot til det jamlege underhaldet. Systemet med oppsparing på eigen konto i barnet sitt namn fell bort.

Den nye barnetrygdlova § 26 nr. 3 regulerer kven som skal få overført dei barnetrygdmidlane som ved det tidspunktet lova tek til å gjelde, er oppsparte etter reglane i forskrifta om kven som skal ha retten til barnetrygd for barn som ikkje blir oppfostra hos foreldra sine eller hos adoptivforeldre. Barnetrygdmidlane skal overførast til barnet dersom barnet er 18 år, eller til barnet si verje.

3 Departementet si vurdering og framlegget til ny lovregel

Departementet ser at overgangsregelen i barnetrygdlova § 26 nr. 3 kan ha uheldige utslag når barnet er under omsorg av barneverntenesta ved det tidspunktet lova tek til å gjelde. Etter lov 22. april 1927 nr. 3 om verjemål § 3 er det den eller dei som etter reglane i barnelova har foreldreansvaret for barnet, som er verje for barnet. I dei fleste tilfelle vil dei biologiske foreldra framleis ha foreldreansvaret, sjølv om barneverntenesta har overteke omsorga for barnet. Slik regelen no lyder, vil altså oppsparte barnetrygdmidlar som er meinte å kome barnet til nytte seinare, kunne utbetalast til foreldre som ikkje blir haldne for å vere skikka til å ha omsorga for barnet.

På bakgrunn av dette gjer departementet framlegg om ei endring av overgangsregelen i lov 8. mars 2002 nr. 4 om barnetrygd § 26 nr. 3. Departementet gjer framlegg om at lova blir endra slik at oppspart barnetrygd for barn som er under omsorg av barneverntenesta når lova tek til å gjelde, blir sett på sperra konto. Beløpet skal utbetalast til barnet når barnet fyller 18 år. Dersom vedtaket om omsorgsovertaking blir oppheva før barnet fyller 18 år, skal dei oppsparte barnetrygdmidlane overførast til verja.

Dei reglane som gjeld i dag, legg opp til at det skal sparast pengar som kan kome barnet til nytte seinare, til dømes i samband med utdanning. Framlegget er såleis i tråd med intensjonen i det gjeldande regelverket som barnetrygda er oppspart i medhald av. Det vil vere rimeleg at pengane ikkje blir utbetalte til biologiske foreldre som ikkje har omsorga for barnet, men blir sette på sperra konto fram til barnet er 18 år, og at barnet då får råderetten over midlane.

Det vil også vere i tråd med det gjeldande regelverket at dei oppsparte midlane blir overførte til verja dersom foreldra igjen får omsorga for barnet. Når ein har kome til at dei biologiske foreldra kan ta hand om barnet, må det kunne leggjast til grunn at dei også kan forvalte barnetrygda på ein forsvarleg måte.

Vi HARALD, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i lov 8. mars 2002 nr. 4 om barnetrygd i samsvar med eit vedlagt forslag.

4 Økonomiske og administrative konsekvensar

Barneverntenesta i kommunen vil ha ansvaret for å følgje opp forslaget. Departementet har ikkje oversikt over kor mange barn under barneverntenesta si omsorg som har oppsparte barnetrygdmidlar, men ein legg til grunn at dette vil vere ei lita oppgåve som ikkje medfører administrative kostnader.

Forslaget vil heller ikkje medføre auka utgifter over trygdebudsjettet.

5 Merknader til den aktuelle lovregelen

Til barnetrygdlova § 26 nr. 3

Lovregelen omhandlar barnetrygdmidlar som ved det tidspunktet lova tek til å gjelde, er oppsparte etter reglane i forskrifta om kven som skal ha retten til barnetrygd for barn som ikkje blir oppfostra hos foreldra sine eller hos adoptivforeldre. Oppsparte barnetrygdmidlar skal overførast til barnet dersom barnet er 18 år. Dersom barnet er under 18 år og dei biologiske foreldra har omsorga for barnet, skal barnetrygdmidlane overførast til verja. Dersom barnet er under omsorg av barneverntenesta, skal det oppsparte beløpet setjast på sperra konto. Pengane skal overførast til barnet når barnet fyller 18 år. Den oppsparte barnetrygda skal overførast til verja dersom vedtaket om omsorgsovertaking blir oppheva før barnet fyller 18 år.

Barne- og familiedepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endringar i lov 8. mars 2002 nr. 4 om barnetrygd.

Forslag

til lov om endringar i lov 8. mars 2002 nr. 4 om barnetrygd

I

I lov 8. mars 2002 nr. 4 om barnetrygd gjer ein desse endringane:

§ 26 nr. 3 skal lyde:

Barnetrygdmidler for fosterbarn og barn i institusjon, som ved lovens ikrafttredelse er oppspart etter reglene i forskrifter om hvem som skal ha retten til barnetrygd for barn som ikke blir oppfostret hos sine foreldre eller adoptivforeldre, overføres til barnet dersom barnet er 18 år, eller til barnets ver-

ge. Dersom barnet ved lovens ikrafttredelse er under barneverntjenestens omsorg, skal oppsparte barnetrygdmidler settes på sperret konto, og overføres til barnet når barnet fyller 18 år. Dersom vedtak om omsorgsovertakelse blir opphevet før barnet fyller 18 år, overføres de oppsparte barnetrygdmidlene til vergen.

II

Ikraftsetjing

Lova tek til å gjelde 1. januar 2003.

